



Rocket-Man til Herøy

Informasjon og intensjonsmøte 05.11.25

Herøy kulturhus kl 12.30 og 18.00

Gyril Lunde Tusvik og Thomas Fjeldstad kjem og lar oss bli kjent med ROCKET-MAN

I eit kvart samfunn er det dessverre nokon som fell utanfor. Vi som arbeider med barn og unge, ser at det i vårt lokalsamfunn, er unge som ikkje heilt finn sin plass og slit med einsamheit. Dette veit vi har store konsekvensar i både ungdomstida så vel som seinare i livet.

Utanforskap er noko vi i fellesskap, som lokalsamfunn må nedkjempe.

Nav ytre Søre Sunnmøre tek difor i lag med Herøy vidaregåande skule, helsestasjon, barnevernet og tenesta for psykisk helse og rus, initiativ til å samlast på tvers av offentlig sektor, privat næringsliv, frivilligheita, lag og organisasjonar samt lokale eldsjeler, for å ta grep mot utanforskap blant unge i Herøy kommune.

Vi ønsker i dette møtet å presentere Rocket-Man, eit prosjekt -der ein arbeider for å fange opp ungdom som står i fare for å falle utanfor fellesskapet.

Med Rocket-Man ønsker vi å skape ein arena med fokus på trygghet, meistring og tilhørse. Ein innsats av unge for unge saman med trygge vaksne.